

I tvangstrøye bak blendingsgardiner

AV TOR O. SANDEN

Det var fredelege tilhøve og fin framgang på so mange område i landet vårt då krigen kom i 1940. Slik var det og i vår vesle bygd, Vrådal. Det såg ut som me nett ha kome over den verste kneiken etter den harde krisa i 1920—35 åra.

Me høyrde nok om krig og gnissing millom stormaktene og det var mange som åtvara mot Hitlers skamlause framferd, men nesten ingen trudde for ålvor på at vår vesle avkrok i nord skulle bli hersett og okkupera.

Ein må verkeleg undre seg over at tyskarane kunne kome som ein tjuv om natta med det etterretningsvesen og kjennskap til andre land som me hev havt i dette hundradåret. Det måtte vera mykje sabotasje og dugløyse, først og fremst blant dei militære. Forsvarsvilje mangla det so visst ikkje på i det breie lag av folket, men mobilisering og styring var det ikkje greie på. Dei fleste sette sin lit til at me var eit lite, nøytralt land som nok ville baute seg utanom stormaktsoppgjeret. Men då mineutlegginga kom i norske fjordar, og då hendingane i Jøssingfjord kom, skyna nok dei fleste at no var det fåre på ferde. Men likevel kom den 9. april som eit svimeslag på oss alle. Me høyrde at «Blücher» var senka i Oslofjorden og at Oddernes beit godt frå seg; men ålmenn mobilisering vart det ikkje.

Her fekk Torgeir Strånd tak i ein plakat og slo han opp i Vråliosén, men då han neste dag, den 10. april køyrde ein mann gjennom fleire bygdelag trefte dei ingen som hadde høyrte om mobilisering ein gong. Likevel varde det ikkje lenge før det kom lastebilar med unge, vernepliktige frå Fyresdal, Skafså m.m. gjennom Vrådal på veg til Heistadmoen. Der møtte dei berre uvisse og rot so dei fleste kom slukøyra heim att. Det same kom tvo gutar herfrå: Gunnar Åsheim og Tarjei Findreng. Sinna fortalde dei at skjotinga var stoppa endå dei kunne ha tekje dei på kornet frå Oddernes Festning. Etter det som no var hendt trøysta dei fleste seg med at England no kom til hjelp straks, og at ein krig med dei moderne våpen ein no rådde over ville



Kronprinsens (no kong Olav) bil i tunet på lærargarden Straumsnes, då utan skilt og køyrd på «felgane».

Framfor bilen lærarkona Aasne Muren. (Ho nærmar seg no 104 år).

ikkje vare so lenge. Folk sat som klistra ved radioane og den eine dramatiske hendinga etter den andre kom ein inn på livet før ein ana det.

Ein av dei første dagane kom Kaptein Keim køyrande med Kronprinsens bil A2, sjølv sagt avskilta då, og sette han frå seg i Straumsnestunet. Son av læraren der, Anders Muren, tok endå eit bilete av han. Men folk fann no fort ut at her var ein altfor utsett plass å ha han ståande, so nokre mann med Sigmund Strånd ved rattet fekk flytta han bak den gamle Frikyrkjestallen i Kyrkjehaugen ved Roholt og bara han ned litegrand. Men stoda endra seg so fort at der heller ikkje var sikkert, so eg hugsar at Hans Kråkenes fekk med seg far og eit par karar til frå grendi og so køyrde Simund Strånd han over på vestsida og parkera han på ein bergklatte på Straume. Der hadde i mange år stade ein stor «kost» med gamal og ny hesjestaur. No lødde dei han forsvarleg inn med staur, og her stod han til frigjeringa då gardsstyranen på Skaugum henta han.

Det var sokalla nøytralitetsvakt på telefonstasjonane, slik ogso i Vrådal. Men då tyskarane kom hit til landet rømde dei vekk og let etter seg både

uniform og våpen. Kvinnene i huset var som venteleg redde for å ha dette i huset. Sigmund og Sverre Straumsnes rodde det då over til «Fiskehytta» på Straumøy — i Småstraumane — men flutte det straks etter og gøymde alt under ein heller (steinhelle) ved Tarjeisberg. Men det gjekk ikkje mange dagane før Sverre fekk telefon frå lensmann Sandvik at han visste om det og han måtte då ro ut med han og hente alt saman, men høyrde aldri meir om det. Etter fjaskoen på Heistadmoen og overgjevinga i Setesdal kom som eit ljospunkt at norske militære tok til å samle seg i Vinjesvingen under leiding av Tor Hannevig. Dei første kom der den 14. april, men der kom fleire etterkvart, so på det meste var der rundt 300 mann. Der var blant andre Weidemann frå Kviteseid og vrådølen Karl Brokke som no var busett i Bø.

Før nokon ana vart vår vesle bygd fylt av krigsmateriell og tyske soldatar til forsterking i Vinjesvingen. Dei kom både gjennom Drangedal—Tørdal og nedantil Arendal som var ein ubefesta by.

Det var i siste halvdel av april 1940. Eg og bror min Olav arbeidde med noko reparasjonsarbeid på Straumsnes sluse. Isen hadde sovidt losna frå land. Tidleg om morgonen stod eg i stoga heime på Bukkøy og såg etter om det kanskje gjekk an og ro ned til slusa. Då høyrer eg brått ein sterk flyddur og straks ser eg dei svarte fuglane over hustaka på Straumsnes. Eit par fly gjeng ned og breider ut eit stort hakekors på jordet og so flyg den tyske ørna til topps over skulen og samlingsstaden i bygda; der eg hadde høyrte so mange fagre ord om fridom og fedreland. Den dagen gløymer eg aldri.

Samstundes som dei innkvartera seg på skulen, tok dei og inn i Bedehuset, Frikyrkja, Vrådal kyrkje og seinare på Misjonsheimen Lønnegraff; der nokre vart verande under heile krigen.

Det vart nærmast kaos i bygda dei første dagane. Alt arbeid stoppa praktisk talt opp. Folk visste ikkje korleis dei skulle stelle seg og fekk ikkje vite noko om det som hende rundt omkring. Me visste at det var lagt sprengladningar ved nokre bruer og andre laglege stader ved vegane Vrådal—Dalen og no frykta mange at Vrådal kunne bli ei slagmark. Nokre eldre folk i grenda tok ut til heiars bl.a. til Perstøyl og nokre som budde heilt innåt riksvegen flutte over til «vestsida». Bror min som då budde i husvære i Frikyrkja flutte ned til oss på Bukkøy; då der ikkje var verande med all den ståhei som fylgde med invasjonen.

Tyskarane sette militærvakt ved alle viktige vegkryss. Soleis og ved Furheim og vegen ned til Straumsnes. Folk slapp ikkje forbi vaktene og ikkje kunne dei gjere seg forståelege. Men det gjekk nokre dagar før det med hjelp av Henrik Brokke vart skrive ut sokalla «passersettlar» for folk i grenda so dei kunne kome seg til «bui» for å handle, eller gå på arbeid i nærleiken.

Det vart no helst lite gjort i denne tida. Folk sat klistra ved radioane og røysta frå London var kjær å høyre.

Det var forresten ikkje so lenge før dei offentlege husa i Vrådal vart frigjevne, so sist i april kunne folk atter samlast i kyrkja og Bedehuset. Og aldri hev vel frammøtet vore so jamgodt og songen so fulltonande og frå hjarta som i denne første tida av okkupasjonen. Eg trur dei aller; aller fleste følte det slik at no stod vårt dyraste eige: vår fridom og vårt dyre fedreland i den største fære. Her nytta det ikkje med berre stormaktshjelp, som elles hadde synt seg som eit stort vonbrot; men lite på at «gud var attåt» skulle me kome ut av dette uføret. Eg trur den tanken slo rot i nokon kvar: No må me halde saman og la smålegheitar og partistrid ligge og alle ro same båten.

Men no tilbake til hendingane om Vinjesvingen. Frå alle kantar kom meldingar om tyskarar på veg til Vinje. Det var ikkje småstyrkar det var tale om. Største utfarten frå Vrådal var 26. og 27. april. Og den 1. mai var meldt frå Vrådal at 50—60 bilar var på veg frå Drangedal over Tørdalsheia. Dessutan kom tyske fly og kretsar over området rett som det var. Telefonfolka rundt om — so ogso i Vrådal — var gode «jæssingar» so dei meldte straks ifrå til dei norske når «turistar» var på veg mot Vråliosen eller gjennom Skafså. Men dei planlagde sprengingane av riksvegen vart lite gjennomførte på grunn av feilmeldingar og sabotasje.

Sverre Straumsnes frå Vrådal var med i Vinjesvingen. Han var omlag 20 år den gongen og fast bestemt på at han ville vera med å forsvare fedrelandet og haika dit opp. Han fekk straks kontakt med styrkane og vart innkvartera i Bedehuset Sion. Men no let me Sverre fortelje: «Me la oss i bakhold ved Leirli bru. Ein frå Notodden og eg låg rett ovanfor med maskingevær og Krag'ane klare. Tyskarane kom i lastebilar med ein personbil føre. Me skaut, og 5 tyskarar fall og fleire vart såra. Dei overgav seg, men det vart panikk blant tyskarane då me kom og tok av dei bandolæret med handgranatar m.m. Me førde dei opp til Aamotkrysset, der dei fekk mat og kaffe

saman med dei norske. Seinare var eg med som fangevaktar opp til eit ysteri lenger opp i Vinje. Eg var og med då tyskarane kom frå Høydalsmo. (Dei som vil vite meir om dette les boka «Vinjesvingen» 1945 av Hans P. Lødrup).

Etter overgjevinga fór eg og tvo kameratar over hengjebrua gjennom heiane og kom omsider til Lårdal. Me kom oss ut til Flekstveit — det var folk der då — so me overnatta der. Derfrå kom me oss over til Dalane i Kviteseid, og heim.»

Det var den 9. mai Hannevig overgav seg med nokre få mann som då var att. Dei fleste hadde vel då forlenget innsett det vonlause i tilfeldig hastverksmotstand mot dei store tyske styrkar og velsmurte krigsmaskineri.

Etter at kampene i landet var avslutta, jamna det seg til litt etter litt so arbeid og livet elles kom meir inn i sin vante gang; men det var mykje spanning og uro om kva styring med no skulle få. Det var mykje omskifte i styr og stell frametter året. Dei gamle måtte ut og nazistar og sympatisørar for det meste tok over. Elles kom folk ihug siste krig og gjekk inn for å dyrke mat. Og det skulle vise seg at fisk og poteter var viktige ting som hjelpe folket gjennom dei harde åra. Kvinnornes innsats blir lite nemnt; men deira matvit og flid kan neppe overvurderast. Heile berg av potetlompør eller «klossor», som me sa her, laga dei og sytte for at alt matnyttig vart bruka og mange tolsame og bøygde ryggar sat og bøtte dei slitne kleda.

Vinteren 1940/41 var vel nokso fredeleg, men det politiske klimaet hardna til etterkvart. Men trongen til demonstrasjon gav seg utslag på ymse vis. Kring jola 1940 var bindersens samlingsmerke for «jæssingane». Seinare vart det V-teiknet som tok over.

Våren 1941 fekk alle påbod om å skaffe seg: «Identifikasjonskort» som vart utskrivne av lensmannen og som ein måtte ha på seg kor ein ferdast. I september same året vart so radioane inndregne og det var tydeleg at det frie ord skulle kneblast. Eg trur det opna augo på mange folk for kva me gjekk i møte. No byrja for alvor kampen for livet og fridomen og no måtte den gå «under jorda».

Radioane vart lagra i eit ledig rom på Straumsnes skule og likeeins i Vråliosen. Dei var innregistrerte so dei var mest uråd å lure undan. Men nokre «lyttestasjonar» var det nok, men få var innvigde i det. Risikoen var for stor og no galdt det for alle at ein måtte passe kjeften sin kvar ein fór. Sverre Straumsnes levera radioen sin som andre, men natta etter var han

bort og henta han att. Han tok ei tom radiokasse og putta inn i den same asken. Frå først av hadde han den i den gamle «gruva» rett over Eidsto, men flutte den so ned på «låven» og bruka bølgeblekktaket som antenne. Lærar Muren var i den heldige stilling at han hadde to apparat. Eit gammalt krystallapparat og eit vanleg. Han levera det eine og ha att det andre som kom godt med for «skoggutane». Elles fordufta vel eit par apparat til i «natens mulm og mørke». Nokre få i Sinnesgruva fekk tak i eit frå Tørdal, og ein ha fenge tak i eit i Kviteseid. Men det var vanskar med å få lada opp att batteria, men vanskane er til for å vinnast over so det var jamt ei råd med det og.

Radioen hadde nok ovmykje å sei for og halde oppe og nøre motstands-rørsla og heilt nausynt for heimefronten. Det vart og, men svært ujamt, deila ut illegale skrifter som gjekk frå mann til mann. Men det var dødsstraff for å bere eller ha slike på seg, so ein laut som regel brenne dei straks ein hadde vist dei til nokre sikre. Og fleire og fleire tvangsføresegner kom altfort.

Vegstellet hadde rusta seg med eit kriselager av bensin. Ein stor tank med pumpe ved riksvegen ved Briskelid. Den overtok sjølv sagt tyskarane; men det gjekk rykte om at folk stal bensin her om nettene. Straks vart Olav T. Nordbø, bror min Arne og eg utskrivne av lensmannen til å halde vakt der i tri nettar etter kvarandre. Det ville me no slett ikkje, so me stakk til skogs med full vekeniste straks me ha fenge ordren. Heime skulle dei bare seie me var i heia på skogsarbeid. Noko arbeid vart det no likevel ikkje. Me var fælt rædde for kva dei kunne finne på i heimane, so me var fleire gonger nedatt og speida om noko var i gjære. Me visa oss ikkje i bygda på mange dagar, so det heia over utan at me hørde noko.

Det vart strengt påbode å blende for alle glas, det var vel flyåtak dei tenkte på — so mørk og livlaus låg bygda om nettene.

Lærar Muren hadde kjøpt ei lita hytte på Åhåmnuten som «Nøitralitetsvakta» hadde havt. Ein dag reiste so han og lærar Gunnar Fjone for å sjå til hytta og koble av, so dei ville overnatte der. Der var no berre ein liten glugg til glas, og når kvelden kom, sansa dei ikkje på at dei måtte blende. Men det varde ikkje so lenge før døra brått vart riven opp, og tvo børseløp stakk inn i dørøpinga. Det var tyskarane på Misjonsheimen som hadde oppdaga det. Og trudde her var det ugler i mosen. Dei prøva å forklare seg, men dei vart tekne med ned til Misjonsheimen til avhøyr og etter mykje om

og men slepte fri. Men det var nære på dei hadde blitt sendt til Larvik til avhøyr der.

Etterat radioane vart inndregne, vart press på organisasjonane sett igang for å få dei til innordne seg det nye systemet. LO var den første store skansen og skota på Wickstrøm og Hansteen gav gjenlyd over heile landet. Eg var då formann i avdeilinga her av Skog- og Landarb. f. Eg hadde enno kontakt med nokre i leidinga som no vart kasta og kommissariske eller «komiske» leidarar som me sa, vart innsette i staden. I dei øvre bygdene her la alle avdelingar ned arbeidet, for dei ville ikkje vera brikkor i det nazistiske spelet. Det kom strenge brev om at det var ulovleg å melde seg ut av forbundet. Me melde ikkje frå, men slutta å betale kontingenten. Kassa vart so henta av kasseraren som fekk med seg den nette sum: Kr. 8,51. Eg kjende han ikkje personleg, men visste han før hadde gjort godt arbeid i Øvre Telemark, so det var trist å sjå han som lakei for tyskarstyret. Frå den gamle leidinga fekk eg gjennom omvegar vite at alle som hadde stade i brodden var i faresonen, so me måtte vera ekstra varsame.

Den andre viktige skansen var lærarane som no skulle tvingast inn i lærarsambandet. Men alle lærarane i Vrådal var uredde og støe karar: Olav Muren, Gunnar Fjone, Steinar Myrvang og Einar Sollie nekta alle som ein og mest alle i Kviteseid var av same slaget so nederlaget var so og seie totalt.

Åtaket på prestane var like nyttelaust i Øvre Telemark. Olav Bjørgum i Kviteseid, Ragnar Kalhovd i Nissedal og ikkje minst Irgens i Fyresdal som stod på den mest utsette plassen let seg ikkje skræme. Trass i arrestasjonar, tvangsteneste til Kirkenes o.l. heldt lærarane stand og prestane vart avsette og fråtekne løna, folk samla inn pengar til dei i løynd, so dei kunne halde fram. I Vrådal levde enno ei upolitisk hjelpeforeining (arb. for.) som skulle yte hjelp ved ulukke eller sjukdom; men det hadde ikkje vore trong om slik hjelp på mange år. No tok dei og ytte ein slump til presten, men våga ikkje å føre summen inn i bøkene før etter krigen. Lensmannen hadde henta møtebøkane til Skog- og landavd. og Vrådal arbeidarparti, og dei kom aldri til rette att.

Me visste det var ein klikk med nazistar i Øvre Vrådal, og at dei hadde sine hjelparar og observatørar i ytre Vrådal og! Ein del «papirmedlemmar» var det nok som vart skremde inn, men det var og dei som var ute etter økonomiske fordelar, løyste Fritt Folk og stod med eit bein i kvar leir etter som



Øvst oppe i Grå-Tovdjuvet, midt på biløtet, bygde skoggutane «hytte» og farta fredlause om i heiane bakanfor.

(Foto: T. Sanden).

det høvde. Slike kan vere sers farlege når dei fær makt. Men dei følte vel og at no stod dei på «gyngande grunn». Og hadde alt tapt kampen om den norske sjæla og folkeviljen og hadde ikkje anna enn straff og tvang å gripe til. Med nederlaget for LO og lærarane og det klare nei frå kristenfolket frå Oslo bispestol og heilt ut i dei kristne organisasjonane var grunnen for siger og frigjering skapt.

På det lokale planet her hadde me ein stø kristenfront som betydde mykje i heile området. I øvre delen Naper'ane, John Tveiten m.fl. og i ytre bygda John G. Steane m.fl.

«SKOGGUTANE»

Våren 1944 vart dei som då var «rekruttar» innkalla til sokalla arbeidste-neste. Dei fleste rekna med at dette var eit første steg til opplæring i mili-tærteneste under tysk overkommando. Og parolen som gjekk ut oppfordra gutane å drage til skogs. Gutane hadde tala seg i millom om dette og lærar Muren, som no følte seg sterkt truga, kontakta kvar enkelt og fastsette da-

gen dei skulle møtast ved den «Svarte Svåa». (Midt i lia der Stolheisen går no). Det var: Anders Muren, Torleiv Ottar Sanden, Thoralf Hauge, Olav Pekeberg, Sveinung Skipar, Arne Haugen, Nils Johnsen (Undeberg) og Hermann Straume. Muren visste at gutane alt hadde drege avstad då han fekk telefon, visstnok frå lensmannskontoret og ei kvinnerøyst melde: «No er dei på veg for å hente deg». (Det var Hagen som var lensmann då). Muren trudde det ringa frå Eidsto og tok ut med ein gong som han gjekk og stod. So dotter hans Solveig rodde ryggsekken hans over til andre sida da-gen etter.

Otto Kleiv hadde fenge order om å køyre lensmannen og gjorde det han kunne for å hale ut tida, men det var sjølvsagt ikkje so lenge før dei kom til Straumsnes likevel; men fann ingen lærar heime. Kona Aasne, sa han måtte vel ha reist ut i Eidsto då som han brukte å gjera. Dei ut til Eidsto, men kjem att i ein fart, såg gjennom roma og forlanga å få sjå gjennom so-veromet. Lensmannen var væpna, men såg helst litt flau ut då han måtte reise att utan resultat. Men Muren fann gutane som avtalt med fulle op-pakningar. Første natta låg dei i Follegdalthola. Det var tidleg på våren med store snøfonner iblant heroppe og kalde netter som det gjerne er om våren. Dei låg under open himmel, og fyra dag og natt; men måtte vera svært var-same so ikkje røyken syntest noko særleg. Dei heldt stadig vakt, ein og two igongen etter som dei fann det turvande. Etter ein gamal heiveg drog dei seg over til Skarstøyl, men der var vakse so til med skog og den gamle støylsbua so til nedfall at dei helst heldt til lenger bak. Det var helst noko lite mat den første tida so dei måtte rasjonere, men dei fann snart ut det var eit par gode orreleikar i nærleiken. Dei hadde med seg ei hagle og ei sa-longrifle, men det var helst salongrifla som vart nytta p.g. av smellen. Og dei skaut ein del fugl som dei koka og det var eit kjærkome tilskot i matvegen.

Det varde ikkje so lenge før eg gjennom bror min Arne, som var i Hei-mefronten, vart beden om å lose Aasne Muren og sokneprest Bjørgum opp i Skarstøylbakkane. Muren rekna no med at han nårsomhelst måtte røme til Sverige og presten skulle orientere han om framgangsmåten og ho ville sjølvsagt tale med han før han drog. Som avtalt møtte eg då bortom Folleg-dalen. Me skulle ikkje gå ilag dit, for ikkje å vekkje åtgaum, men snike oss fram kvar for seg. Alt gjekk etter planen og øvst i Skarstøylbakkane fekk eg kontakt og førde partane saman. Det var farlege tider, men optimistiske



I kanten til høyrefor den store Skree-svåa, omlag midt-lies låg «Kroi». Dei passa på at tilkomstvegane var få, so vakthaldet var lettare.

Foto: T. Sanden.

var me alle, so det vart ingen trist kveld eller rettare sagt natt. Ja, alt heia no over denne gongen, so Sverike-reisa vart ikkje før utpå hausten. Men på tilbaketuren fekk eg meg ein ålvorleg kvekk. Ut av skog og tussemørker dukka brått ei kvinne opp i vegkanten. Det var Astrid Lønnegraff som hadde eit viktig bod til presten. Eg kom i hug ei kvinne som me rekna kunne vera fårleg, for ho hadde ringa heim same dagen og spurt om eg var heime. Ja, slik var det, den vanlege telefonen kunne vera farleg, so jungeltelegra-fen vart nytta.

Skoggutane heldt fram som før, men etter ei tid gav tri av dei opp og reis-te heim att. Dei andre tok seg over til Grå-Tov djuvet. Å liggje under open himmel gjekk sjølv sagt ikkje i lengda, so øvst og djupast nede i juvet bygde dei seg ei hytte av stranglar, mose og tekte den med torv og jord. Der heldt dei til nokso lenge. Men so kom det eit kraftig og langvarig regnvær som løyste opp heile jordtaket so det rausa ihop alt saman. Men dei fekk kontakt med Ivar Skree som sa dei berre kunne nytte hytta hans på Kroi, som låg

so midtjells i lia i kanten av den store Skreesvåa (Storskrea). Men det var lite folk på «vestsida» so det var få kontaktar og vanskeleg med maten man-ge gonger. Både Ivar og Halvor Skree var opp med mat til dei fleire gon-ger. Elles var det heimane til gutane som sette ut mat på visse stader, der heimefronten henta det og sytte for å få det fram. Deiu var ei god stund på Kroi, men då dei kom underveir med at ei SS-patrulje hadde farta på vestsida og Halvor Skree eit par gonger vart teken til å syne tyskarane veg bl.a. over til Fyresdal og då med ein 50—60 mann vart dei urolege. Det tok og til å kretse fly over området, for det gjekk rykte om flyslepp på Nissedal-og Fyresdalheiane torde dei ikkje vere der lenger. Olav T. Nordbø hadde stilt skogsstoga på Persstøyl til rådvelde for dei og ei still og mørk natt kom Ingvald Hauge og rodde dei over frå Skretveitbryggja til Torskekilen der dei so tok fatt på bakkane opp til Persstøyl.

Dette friluftslivet kunne forresten by på litt av kvart. Og no lyt me taka med noko om det: Ein dag hadde alle blitt fælände våte, so om kvelden stel-te dei til eit dugeleg bål og alle la seg rundt ikring for å turke seg. Den stør-ste av dei som dei kalla Herkules, låg som dei andre, men han sovna og rul-la seg sjølv inn i varmen. Heldigvis gådde ein av dei andre det og gjorde anskrik. Det var ikkje anna gjere, dei flaug på han og flätte klæa av han for-tast råd. Det var ikkje spøk å bli mest klædelaus i den tida og at han var so stor gjorde det ikkje lettare.

Dei var unge, og dette tilværet var krevjande, so dei trong mykje mat, men denne Herkules var ein storetar av rang. Som nemnt måtte dei stundom rasjonere. Ein kveld var ein av gutane sendt føre til å koke graut, og han ausa opp ein tallerken til kvar. Men då måtte han ut eit nødvendig ærend og innan han rakk inn att, hadde Herkules kome føre dei andre og slengt i seg sin eigen porsjon og halvparten av ein annans.

Ein gong med dei var i «Kroi» hadde dei fenge tak i noko hermetiske kjøt-kaker. Skrubbsviltne kasta dei seg over denne «sjessematen». Mette og velnøgde sat eller låg dei etter måltidet og rektig kosa seg. Det er stilt og fredeleg ei god stund, men so høyrest ein dunk for Muren dette ned or sto-len sin og no gjeng det slag i slag. Dei kraunar og kastar opp og sjuke og hjelpelause er dei alle. Nokre av dei kom nokså lett frå det; men nokre måt-te søkje heimatt ein 2—3 dagar og til sengs i millom dei sprang «med buk-sa ned på hoklane» som dei sa før. Sume meinte det var ein farang dei hadde fenge; men andre at dei hadde vore ute for den reine botulisme so det var




Persstøylbua. Der heldt skoggutane seg ofte.

Foto: T. Sanden.

eit hell at dei kom frå det med livet. Og det var ein forferdeleg lukt etter det, so dei måtte vaske heile hytta etterpå.

Etter opplevingane på vestsida, rigga dei seg som nemnt til på Persstøyl. Og der fekk dei det mykje lettare og betre. Det var få i heimefronten so bror min Arne bar mykje til dei. Men både Solveig og Aasne Muren var opp med mat. Lensmann Funnemark og Halvor T. Nordbø var flinke til å hjelpe når dei var heime. Det var Ralph Findreng som var leiar for heimefronten her. Radio og kikkert hadde dei heile tida og det var nyttige ting å ha. Når farvatnet var rekna so nokorlunde fritt, hekk eit bestemt plagg på klædesnora på Straumsnes, og noko i den leid vart nok bruka i dei andre heime og. Radioen vart plassera i ei naturleg grotte i kanten av juvet midt for Storsvingen nedanfor Persstøyl. Der stend restar av den idag og, fortel Torjus Nordbø meg. Men rett som det var fekk dei høyre rykte om razziar o.s.b. Olav Straume var eit par gonger i farvatnet og det var fleire som frykta han kunne finne på noko overila, som ville utløyse fryktelege straffetiltak. Dette førde til at dei bygde seg eit ekstra «Kryp inn» på baksida av Sandenuten, der dei takomtil heldt til når dei kjende seg mest truga. Både



Teikning av Solveig Muren Sanden av Kryp-inn, på baksida av Sandenuten, som dei tydde til når dei rekna seg mest i faresonen.

Muren og Thoralf Hauge hadde henta Kragane sine. Det er klart at det omflakkande og usikre livet var ei hard påkjenning dåvisst for Muren som viste han var ettersøkt. Både psykisk og fysisk var det ein eineståande prestasjon. Han var den sjølsagde leidar; men fylgde dei unge elles og i tykt og tunt. Det hjelte nok at han hadde ein god kropp som han hadde halde i form frå ungdomen. Han kom som ung lærar til bygda og eg kan godt hugse kor imponera me gutungane var når han gjekk lange stykkje på hendene og boltra seg i svingstonga som ein turnar. Det var ikkje so mykje å sjå av idrott den gong. Elles gav det nok god trening at han dreiv klokkgarden sjølv, slo med ljà og drog inn høyet til 2—3 kyr han hadde. Eg tala med fleire av dei som var med. Dei som var noko skogsvante syntest det var ikkje so ille, andre at det var ikkje til å halde ut.

Men nazistane vart meir aktive og klimaet meir hardsett til lenger det leid og vinteren nærma seg, so ei avgjerdslø måtte takast. Muren og sonen hans bestemte seg då for å dra til Sverige. Anders ville over til England.

Ei mørk natt i ausande regnvær sykla dei so avstad mot Oslo. Der fekk hr. Andersson tilbod om å vente til ei patrulje med eldre skulle over på ei rute som ikkje var so krevjande; men han valde å fylgje med dei unge og kom fort over. Der fekk han arbeid på eit skulekontor og Anders gjekk i treningsleir.

Eit par av dei andre skoggutane tok då ut til andre bygdelag og fekk seg arbeid der. Resten reiste heim, men heldt seg i skugg og skjol i lange tider etterpå.

Sverre Straumsnes reiste og over til Sverige og gjekk i trening for Englandsreise. Men p.g. av ein snev av plauritt vart ikkje det noko av. Han fortel at i Sverige var det ikkje noko kjære mor for flyktingar som her. Det var enten å gå i hardtrening for Englandsreise, eller få seg ein jobb og klare seg sjølv.

Det var tvangshogst under krigen. Tømmer var ei viktig vare for tyskarane, både her i landet og i Tyskland. Men parolen som gjekk ut til både skogeigarar og skogsarbeidarar var å sabotere mest mogeleg. Trass i press og oppmodingar hadde det gjenge trått med skogsdrifta og varetilbod, mat og klæsesituasjonen var og bremseklossar, so skogsarbeid var siste sort og mange skogeigarar ville no hogge på dei mest avsides og stygge stader. Hausten 1943 vart bror min Arne og eg utskrivne til tømmerhogst på heia opp mot Hægefjell. Eg reiste då ned til Kviteseid og sa at eg hadde arbeid som eg tenkte å fullføre og elles hadde eg alltid bruka å skaffe meg arbeid sjølv. Då såg dei bistert på meg og sa at dersom eg ikkje tok arbeidet, måtte dei nekte meg rasjoneringskort. . . Vel, sa eg, men då må de i alle fall skaffe meg eit par gummistøvlar. Eg kan då ikkje gå på tresko og hogge tømmer i heii. Nei, men dei hadde diverre ikkje noko att på kvoten, men dei skulle skrive meg opp. Men eg fekk aldri gummistøvlar, men eg fekk greie på at fleire som helst sat heime ved ovnen og vermde seg, fekk. So eg var nok ikkje av dei verdige. Men noko etter fekk eg sjå eit fint rundskriv gjennom Skogoppsynet om kor verdfull innsatsen av skogsarbeidarane var, og som ei påskyning sende dei meg ein pose ekte kaffi. (Eg trur det kunne vera pålag ein halv kvart). Eg kunne ikkje anna enn læ, so barnsleg var det. Men eg drakk no kaldvatn, surrogatkaffe og tunn havresuppe som før. Mjølkk var det lite ein kunne dra med seg til heians den gongen, som ein måtte bere med seg både reidskap og vekeniste på ryggen. Og lite mjølk var det å få i den tida for dei som berre hadde eit lite jordbruk eller slett ikkje.

Men kaffiposten gøynde eg til brølluppet mitt nyttårsaftan s.å.

Eg fær aldri gløyme dei mange smilande fjesa og strålende stemning som kom når den ekte kaffeduften spreidde seg i huset.

Det var ikkje so enkelt å gifte seg heller då. Det var mest bokstaveleg «å byrje på bar bakke». Klær og utstyr var nesten ikkje å få og alt var på kort. Det var nok litt på «Svartebørsen» mot byte i landbruksvarer, men det var ikkje for vanlege folk. Prestane var fråtekne retten til å vigje folk, dei kunne berre velsigne. Me var då tvo par som først måtte til Sorenskrivarkontoret i Kviteseid. Bensin var berre til tysk bruk, so me måtte få tak i ein frå Kilegrend som hadde fenge montera generator på bilen sin. Det var mest som ei vid stavkinne festa bak på bilen og fylt med «knott» — stutte vedskier av lauvved, helst or som var sett fyr på og var drivkraft. Det var mest bart og glattis på vegane, so det var som å ake på isen håle med uskodd øyk. Eg hev mange gonger sidan lura på korleis den sjåføren kunne klare det. Men me kom velberga frå turen og om natta kom mykje snø. Kontoret var heilt nazifisera og fullmektigen vigde oss. Eg hugsar han spurde meg om kva stilling eg hadde. Småbrukar sa eg. Då såg han strengt og irettesetjande på meg og so sa han: «Nu er alle like, nu er det bare gårdbrukere.» Og so heldt han ein tale om å vera lydige og gode samfunnsborgere. Det heile var ein komedie. Men etterpå skifte me over i brudlaupsklæde og vart høgtideleg vigde og velsigna i Nissedal kyrkje av sokneprest Kalhovd som heldt ein gripande tale.

Som alt nemnt var tømmer ei viktig vare for tyskarane som dei fekk for lite av på friviljug vis. I mange bygder oppretta dei difor leirar for russiske krigsfangar som dei sette inn på storhogstar. I Vrådal sette dei tidleg i gang festningsarbeid ved Vrådal kyrkje og ved Reinskås ved Steane. Dei bygde fleire bunkersar og lange skyttargraver som dei heldt på med under heile krigen. I samband med dette vart skoglia ovanfor Reinskås snauhoggen. Fangeleiren var på Straumen. I Vråliosen rekvirera dei skulen. Fangane vart plassera i kjellaren, der det var berre jordgolv då. Ovanpå heldt tyskarane til og nede i Osen. Desse leirane var heilt isolerte samfunn med høge piggrådgerde omkring. Vakter og leiarar fylgde dei til og frå arbeidet, so dei visste lite om dei. Men at dei fekk lite mat og klær og levde under kummerlege forhold er sikkert.

Fangane i Vråliosen hogg skogen i eit stort område på Gåstjønnhøgda og bygde bunkersar og anna der. Dei ottast vel flylanding på Nisser og Vrå-

vatn. Når desse fangane gjekk, var det berre sovidt dei «feta» seg, og til det minste arbeid so mange at det var som mauren i tuva. Dei måtte vel spare på kreftene mest mogeleg for å overleve. Ein måtte berre ovundre det fine samhaldet og den skodespelarevne dei la for dagen. Og flinke til gjere småting av tre var dei og flinke til å syngja. Det var sjølvsagt lite du fekk høyre, men eg hugsar særskilt ein kveld i Eidsto. Leidarane hadde nok noko å utføre der so dei stoppa og fangane sat på lasteplanet. Vakta måtte vel vera av dei meir folkelege, for der var ein kar som kjende han som gjekk bort og spurde om ikkje fangane kunne få lov å syngje ein sang for dei. Jau, det kunne dei og dei la straks iver «Volga, Volga, All Karasin» om Russlands store flod. Dei følte seg nok i slekt med «pramdragerar» der og song med kraft og kjensle. Det var midt for kafeen dette, og etter songen var det ein som kom på om me me ikkje kunne spandere ei småkake på kvar. Det vart straks spleisa om nokre brødmerke, og det gjekk i orden. Men straks den var svelgt gjekk ein over gata inn i kafeen. Leiaren måtte vel oppfatte som han ville inn etter fleire kaker for fort og skarpt kom kommando om avgang og avstad bar det so røyken stod.

Korleis var so tilværet for den vanlege mann og kvinne under krigen? Stort sett må ein vel sei det var bra både med arbeid og pengar. Under ein krig er det aldri spørsmål om pengar når det gjeld å få noko igang og varetilgangen so liten at dei fleste fær ikkje bruke pengane sine. Største vansken var nok sko og klær for dei som arbeidde i jord- og skogbruk og liknande yrkje, der slitasten var stor. Det same galdt nok for maten, men det var snaut nokon som beint fram svalt, dåvisst ikkje på landsbygda. Det var ikkje so lite som vart hamstra og mangt gøymt i jordkjellarar o.s.b. Dessutan var alt matnyttig tekje vare på og praktisk talt alle i bygda enten hadde eller fekk seg ein åkerlapp der dei dyrka poteter og grønsaker dei trong. Det var viktig å produsere mjølk og kjøtt og ein gris hadde dei fleste. Nokre tok jamvel opp att den gamle stølsdrifta og slo på heiane. Dei gamle bekjekvernane vart vøla og murra og mol iblant. I Vrådal var no att berre ei på Skree, men det var dei på Stormylla i Kviteseid som var hjelpsame. Elles var gamle handkvernar leita fram att og sume streva jamvel med kaffikverna. Alt dette matstrev skaffa sjølvsagt mykje arbeid.

Elles er og å nemne at Vest-Telemark Kraftlag vart skipa i 1938 og hadde sytt for straks og kaup inn mykje materiell, so mange heimar fekk elektrisk straum her i dei første krigsåra. Tyskarane bygde ei skikkeleg tøm-

merbru over Spjotoddsundet, og sette vel med det ein kraftig framskuv i arbeidet med å bli kvitt den flaskehalsen.

Det var elles ikkje lite strid om kva som var sokalla «tyskararbeid». Og ikkje. Det var no tyskarar og nazistar som styrde med alt, so grensene var ikkje gode å trekkje. Men dei fleste rekna alt sokalla «festningsarbeid» som tyskararbeid og ytterst få bygdefolk tok slikt.

Det var gode lønningar her, so det var no helst her «Svartebørsen» dominera. Nokon serleg svarthandel millom folk flest var det ikkje. Større gardbrukarar som hadde noko, bytte nok til seg varor som elles ikkje var å få med handelsfolk i byane; men det var og dei som var so nasjonale og reale dei avstod frå slikt og heller hjelpte dei som hadde lite. Nøkterne folk rekna og med at eit pengeoppgjør måtte kome etter krigen, so det var ikkje so viktig å samle på dei.

Ekte kaffi var ikkje å få på svartebørs eingong, men tobakk var ei viktig svartebørsvare som mange nytta seg av. Men etterkvart lærde folk seg til å dyrke tobakkplanter og sume vart reine meistarar i å lage brukeleg tobakk. Sume dreiv i større stil og hjelpte folk i nauda. Eg hugsar eg reiv eit hus etter krigen, og det vesle loftet var fullt av opphengde tobakkplanter. Lukten var so sterk eg måtte ut og lufte meg ein tvo-tre gonger for ikkje å svime av.

Elles stend krigsåra i minnet som ei vond tid.

Det at mange ikkje var å lite på og den stadige tvangen og uvisse var ei påkjenning større enn det du sakna elles. Tvang og uvisse hadde sveisa det breie lag av folket til ein stålsett motstandsvilje, ubryteleg samhald og samarbeid på tvert av klasse- og partigrenser. Det var nok det som kom oss tilgode so atterreisninga gjekk betre og fortare enn nokon venta.

Men tvang og overgrep skapte og forakt og heiltopp hat til tyskarane og mest mot våre eigne svikarar, nazistane og deira sympatisørar. Under krigen meinte nok dei fleste at desse skulle sendast til Bjørnøya, og dei verste av dei kuttast snarast råd.

Men då frigjeringskom, var gleda og «begeistringens rullende foan» so stor at alt vondt liksom drukna i den. Mang ein som opplevde krigstida vil nok seie at mange «styggingar» som hadde valda mykje vondt slapp billeg frå det på grunn av hastverksgransking og «bevisets stilling». Men tenkjer ein på dei mange skuldause born og skyldfolk som mot sin vilje kom i skotlina, og at ogso dei som hadde feila skulle tilbake til samfunnet må ein vel sei: «Best var det kanhende det gjekk som det gjekk.»

Og fridomsglede og feststemninga frigjerings-dagane og den første 17. mai etter krigen, då det norske flagg atter flaug til topps, gløymmer ingen av oss som var med.